



Leileghetsbygg i Uskedalsvegen 510 - 512 er utleigd til entreprenørfirma Concolvo as.

Valo Eigedom as ved Elin Stene og Geir Rusten har inngått leiekontrakt med entreprenørfirma Concolvo as. Bakgrunnen er ein større kontrakt firma har fått i samband med utbygginga på Hydro Husnes. Det er langtidsleige, i fyrste omgang for eit år. Leigetida kan bli forlenga. Det seksjonerte leileghetsbygget har gateadresse Uskedalsvegen 510 - 512 og 5 av totalt 6 seksjonar er med i leigeavtalen.

Elin Stene i Valo Eigedom fortel til Uskedalen.no at dei fyrste arbeidarane kjem alt i denne veka. Utleige gjeld som sagt fem leilegheter. Det skal romma så mange personar som det er soverom i bygget, tilsaman 9 personar.

Entreprenørfirma Concolvo engasjerer for det meste utanlands arbeidskraft. Arbeidarane går skiftordning og leileghetene vert klargjort i denne veka med møblar og alt som skal vera av utstyr. Utleigar gjer alt som er mogeleg for å skapa funksjonelle leilegheter der ein kan trivast.

Det er montert seksjonsnummer ved inngangane. Dette vert gjort for at arbeidarar, som går skift og turnus. lett skal finna fram. I tillegg vert det montert husnummer i enden av bygget.

Tekst/nett: Kristian Bringedal
Foto: Illustrasjonsfoto